

Informasjon om innhaldet i rapporteringsskjema – Regionale kulturfond 2025 og 2026

Kultur- og likestillingsdepartementet sin Excel-mal for rapportering er tilpassa for å sende inn informasjonen vi spør etter under punkt 1 og 2 nedanfor. Ein kan velje å bruke denne malen, eller å levere same rapporteringa i eit anna format.

Informasjonen vi spør etter under punkt 3 ber vi om at de legg inn i oversendingsbrevet.

1. Rapportering per tilskotsmottakar

Namn på tilskotsmottakar

Organisasjonsnummer til tilskotsmottakar

Tittel på prosjektet/tiltaket

Kort omtale av tiltaket som får støtte (ei til tre setningar om kva tiltaket skal oppnå)

Tildelt beløp per mottakar

Kategorisering av tildelingane

Rettleiing: Kategoriseringa må basere seg på ei vurdering av om pengane i hovudsak blir nytta til profesjonell kunstnarisk verksemd, til aktivitetar i regi av kulturfrivilligheita utan vesentlege innslag av profesjonelle, eller til prosjekt som involverer både frivillige og profesjonelle i samspel.

Kven som har sendt søknaden treng ikkje å ha noko å seie. Om søkjar er ein profesjonell aktør, men tiltaket har vesentlege innslag av frivillige (til dømes ein konsert mellom amatørkor eller -korps og profesjonelle musikarar), bør tiltaket kategoriserast som «samspel frivillig og profesjonell».

- Samspel frivillig og profesjonell
- Kulturfrivilligheit
- Profesjonell kunst og kultur

Kategorisering etter fagfelt:

- Scenekunst (teater, spel, dans og opera)
- Visuell kunst
- Musikk
- Kulturarv
- Audiovisuell produksjon (t.d. utvikling av dataspel og film)
- Litteratur
- Tverrgåande prosjekt
- Anna (spesifiser)

Kategorisering etter tilskotstype:

- Driftstilskot (t.d. regionale kulturklynger, frivillige organisasjonar, profesjonelle kulturinstitusjonar)
- Prosjekttilskot
- Stipend
- Utstyr
- Anna (spesifiser)

Geografisk fordeling av tilskota

Rettleiing: *Fylkeskommunane vurderer sjølve om det er føremålstenleg å vise fordelinga per kommune, IPR (interkommunale politiske råd og regionar) eller bydel (Oslo).*

2. Overordna rapportering

Summering av alle tildelingar

Del av tilskotet brukt av fylkeskommunen til administrasjon av ordninga (inntil 5 % av tilskotet, jf. forskrift § 12)

Regional del av løyvinga (dersom fylkeskommunen har tilført ekstra midlar)

Totalt tal på søknader til ordninga

Totalt omsøkt beløp

3. Vurdering av korleis tildelingane har bidrege til formålet med ordninga

Ei kvalitativ vurdering av korleis dei samla tildelingane i fylket bidreg til å oppnå heile eller delar av formålet med ordninga, og korleis ordninga utfyller det regionale verkemiddelapparatet.

Omtale av eventuelle regionale prioriteringar i tilskotsåret (t.d. scenekunst, grøn omstilling, kompetanseheving, kvensk kultur og språk osv.).

Tilvising til regionale retningslinjer (lenkje til nettside)